

MASFJORDEN KOMMUNE
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Dato	22.02.2023
Vår referanse	2022/96191-3
Dykkar referanse	22/1181 – 22/10557
Sakshandsamar	Andreas Sivertsen Våge
E-post	Andreas.Sivertsen.Vage@vlfk.no
Telefon	45617420

Skriv angående vedtak - bruksendring fra tannklinikk til bustad - gnr. 30 bnr. 37 - Masfjorden kommune

Vestland fylkeskommune, ved avdeling for infrastruktur og veg er nyleg gjort merksam på at det er gitt løyve til bruksendring etter plan- og bygningslova på gnr. 30 bnr. 37 i Masfjorden kommune.

Saka gjeld

Det er gitt løyve til bruksendring før det er gitt løyve til endra bruk av avkøyrsløve til fylkesveg. Vi viser til plan- og bygningslova § 27-4 så skal tilkomst vere avklart før det kan gjevast bruksløyve.

Søknaden gjeld bruksendring frå offentleg tannklinikk til bustad for flyktningar. Eigedommen ligg i uregulert område og er definert som bustad i KPA.

Det er fylkeskommunen som vegmynde på fylkesveg som kan gi løyve til endra bruk av avkøyrsløve med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#), for eigedomar som ligg i uregulerte områder.

I nabovarselet vi sendte ut 14.12.2022 skreiv vi at bruksendring krev søknad om endra bruk av avkøyrsløve. Det er Vestland fylkeskommune som skal behandle søknaden etter veglova, sidan bygget ikkje ligg innafor eit regulert område. Nabovarselet ligg i sin heilskap på dykkar arkivsak med referansenummer 22/1181.

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg oppmodar kommunen om å sørge for at det snarleg vert sendt inn søknad om endra bruk av avkøyrsløve. Det må ikkje gjevast ferdigattest eller mellombels bruksløyve før eit avkøyrsløve føreligg.

Med helsing

Kari Elster Moen
fagkoordinator
INV - Forvaltning Bergensområdet

Andreas Sivertsen Våge
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 129364_1_A
- 2 Svar på nabovarsel - bruksendring - fv 570 - gnr 30 bnr 37 - Masfjordnes - Masfjorden kommune